

Årsmelding

for Skolemuseumslaget i Rogaland 2019.

Årsmøtet for skolemuseumslaget i 2019 blei halde 19. mars på Stavanger Museum. Sju personar møtte. Årsmelding og rekneskap for 2018 blei lese opp og godkjent.

Valet fekk følgjande utfall:

Leiar: Sigmund Sunnanå.

Kasserar: Marta Gudmestad.

Andre styremedlemmer: Ellinor Bryne, Ketil Knutsen, Tor Ytre-Arne.

Varamedlem: Sissel Østrem.

Revisor: Kåre Tysland.

Redaksjonsnemnd: Sigmund Sunnanå, Marta Gudmestad, Ellinor Bryne, Ketil Knutsen, Tor Ytre-Arne, Sissel Østrem.

Årsmøtet starta med at Hege Stormark orienterte om Skolemuseet.

I samarbeid med Stavanger museum arrangerte styret eit møte 3. oktober på museet der Gunnar Roalkvam snakka om: Oppvekst som inspirasjon til dikt og sanger. Det var ca. 30 personar som høyrde foredraget.

Styret har hatt to møte. Styret har arbeidd vidare med å utvikla heimesida for skolemuseumslaget. Fleire nye artiklar er lagt ut. På heimesida ligg nå 9 skolehistoriske årbøker, 22 artiklar og 10 skoleminne. Statistikken viser at heimesida i 2019 hadde i alt 10494 besøk.

Adressa til heimesida er www.skolehistorie.no.

Skolemuseumslaget hadde i 2019 128 adresser på medlemslista + 38 skolar i Stavanger og 11 i Sola. Dette er 13 færre adresser enn i 2019 (utmeldingar/dødsfall). Laget har fått ein ny medlem. Vi har 46 e-postadresser til medlemmer, av desse er 7 nye. Brev om innbetaling av årskontingenten blei sendt til medlemmene 22. november 2019. Ved årsskiftet hadde 71 medlemmer betalt.

Laget fekk 2019 eit tilskot frå Utdanningsforbundet på kr 5000,- til drift av heimesida. Styret har arbeidd med å få e-postadressene til medlemmene.

Fordi ikkje alle medlemmer har e-post, vil framleis korrespondanse pr. post vera nødvendig.

Stavanger 09.03.2020

Sigmund Sunnanå